
Fra: Kystkultur.no! - Kjell Magnus Økland <post@kystkultur.no>
Sendt: onsdag 19. februar 2020 21:19
Til: Postmottak Alver
Emne: Høyingsinnspel: Områderegulering for Midtmarka og Rotemyra
Vedlegg: Fellesnaust.pdf

Hei

Her kjem nokre innspel til områdereguleringa for Midtmarka og Rotemyra. Desse innspela handlar primært om det skisserte sjøsportsenteret.

Generelt

Eit slikt sjøsportanlegg vil ha stort potensiale som base/utgangspunkt for undervisningsbruk, ikkje minst om det vert sett i samanheng med utviklingsplanar for Håøya friluftsområde. Fleire tusen personar under utdanning frå barnehagealder til studentar vil ha mindre enn 15 minutt reiseveg til anlegget og representerer såleis svært mange potensielle brukarar på dagtid. På ettermiddagstid og helgetid seier det seg sjølv at potensialet må vera stort for eit høgt brukartimetal i eit anlegg plassert på den mest sentrale staden i Nordhordland. Med hyppig bruk frå mange brukarar har anlegget óg potensiale for å verta ein ny samlingstad for Alver kommune.

Difor bør det óg vurderast om anlegget kan styrkjast ved å ta opp i seg fleire funksjonar enn "berre" å vera eit utgangspunkt for aktivitet. Kunne ein her fått til eit kunnskapssenter som er orientert opp i mot FN sine berekraftsmål og Nordhordland Biosfæreområde? Ein annan tanke som kan vurderast er om det bør koblast på eit regionalt distriktmuseum for Nordhordland. Kanskje er dykkarklubb, fuglekikkarar, sportsfiskarar og sjø-symjarar andre dømer på potensielle miljø som kan involverast i sjøsportsenteret.

Tilkomst

Kort veg frå E39 til sjøsportsenteret er ein stor fordel. Dersom ein vel å plassera sjøsportsenteret lenger nord vil avstanden til auka, noko som kan føra til mindre bruk av anlegget. Det må lagast til køyrbar veg heilt fram til slipp på sjøsportsenteret. Parkering for bil, sykkel og båttilhengarar kan godt trekkjast noko opp på land for å minska trafikken inne i sjølve sjøsportanlegget. Ein har god erfaring med slike grep i andre sjøsportanlegg her i Hordaland, sjå til dømes hjå Bergens Seilforening, Milde Båtlag og Ran Seilforening.

Plassering av sjøsportsenter

Skitnedalsvika er relativt grunn og vil med noverande vannstand og djupne berre kunne brukast av mindre farkostar som kano, kajakk, padlebrett, seglbrett, segljoller og tradisjonsbåtar for årer og segl. Dei farkostane som nyttar segl vil i dei klart fleste vindtilhøva ha enklare inn- og utsegling om anlegget er plassert på sørsida enn på nordsida. Då kan ein óg nytta skjæret midt i vika som bru hovud for ein kai der seglande båtar, alt etter vindretning, kan rigga opp på anten innsida eller utsida av kaien.

Sjølve anlegget

Anlegget bør etablerast både med tanke på aktivitet på sjøen, sjøsetjing av farkostar, god sjøvegs transport til og frå Flatøyosen med få hindringar, landsetjing av farkostar, lagring av farkostar på land både innomhus og utomhus, lagring av utstyr, garderobar, toalett, verkstad, lager, rom for både møteverksemd, undervisning og sosiale hendingar. Det vil óg vera ein fordel om til dømes naustlofta i anlegget kan ha overnattingskapasitet med enkel standard for

ein skuleklasse. Det bør óg vera eit mål at anlegget skal verta ein møtestad for fleire enn berre dei som er direkte involvert i bruken av farkostane.

Utviding i framtida

Dei fleste sjøsportanlegg vil før eller seinare ha trong for meir plass. Ein bør difor etablera anlegget slik at det kan veksa til kanskje det doble av aktivitet/plass som det får i det fyrste etablerande byggjetrinnet. Sidan dette er eit anlegg for ikkje-motorisert sjøsport er farkostane relativt små, men talet farkostar kan bli høgt. Ein bør difor planleggja eigne område/bygg for til dømes kano. Nokre farkosttypar kan bruka felles sjøsetjingsstad, medan andre må ha andre utformingar. Til dømes bør kajakk og kano ha svært låg bryggje, men er ikkje nødvendigvis avhengig av slipp/rampe. Dette til skilnad frå tradisjonsbåt og segljoller som bør ha slipp med høveleg helling og hjulvenleg underlag sidan desse ofte står på vogn, men som kan bruka noko høgare bryggje enn dei to fyrstnemnde farkosttypane.

Sjøflata

Mykje av det som gjeld utbygginga på land er rimeleg grundig utgreidd. Det er relativt lite i høyringsmaterialet kring utbygginga sine følgjer for sjøområdet. Sjølv om det kan forseinka arbeidet noko, vil det vera fornuftig å få ei grundigare vurdering av utbygginga sine følgjer for sjøområdet både på overflata og nede i vannsøyla.

Underteikna bidrar gjerne i den påtenkte detaljreguleringsprosessen kring sjøsportsenteret. Her bør óg dei ulike brukarmiljøa trekkjast inn i planprosessen med deira detaljkunnskap om dei ulike sidene ved kvar aktivitetstype.

Vedlagt er eit skriv om fellesnaust med ein del moment som bør vera sentralt i dei komande vurderingane kring sjøsportsenteret. Sjå gjerne nettsida www.fellesnaust.no for meir informasjon og multimedia.

Helsing

Kjell Magnus Økland

Kjell Magnus Økland

Dagleg leiar

Stiftinga Kystkultur no!

+47 95 04 67 39

post@kystkultur.no

www.kystkultur.no

Kystkultur på Vestlandet frå Sveio i sør til Stad i nord